

999521851

BJØRN-OLAV HUSETUFT MONSLAUP

Mobilnummer

951 27 836

E-postadresse

bomseb@online.no

Kontonummer **** * 59547

Vedtaksdato

31.10.2022

Vedtaket er gjort av

Austrheim kommune

Søknadsdato

07.09.2022

Vår referanse

Agros 202662

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Inngjerding av innmark

Samandrag: Austrheim kommune har vedtatt å innvilge opptil 11 200 kroner i tilskot til BJØRN-OLAV HUSETUFT MONSLAUP til Inngjerding av innmark. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 31.10.2025.

Austrheim kommune viser til søknad av 07.09.2022.

Bakgrunn i saka

BJØRN-OLAV HUSETUFT MONSLAUP søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 07.09.2022. Du søker om totalt 12 500 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.10.2022-01.10.2023. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 27 500 kroner.

Det søkes om å sette opp gjerde på innmark for å betre kunne utnytte beiteressursane på garden. Det er drift med heilårs utegangarsau.

Grunngeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til taktet skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket§1. Inngjerding av innmarksbeite og tiltak hos nye bønder er høgt prioritert etter gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune.

Gjerding og bruk som beite vil hindre attgroing og bidra til å halde kulturlandskapet i hevd.

Søker skriv at han bruker arealet for å produsere høy sumarstid, og slik vil arealet både haldas i hevd som slåtteareal, men det vil også gjere at han har meir opphaldsareal til dyra tett på heimen dei andre deleane av året og ein får da spreidd smittetrykk og beitepress/trakkskadar på uteareala

Kommunen bruker standardsats for kostnadar knytt til gjerding (80 kr/m)

Tiltak	Sum
Gjerde 280m, 80 kr/m	22400
Tilskotssats (Inntil 50%)	11200
Sum tilskott:	11200

Austrheim kommune har vedtatt å innvilge opptil 11 200 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 31.10.2025. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Det kan søkes om utsettelse av arbeidsfrist i inntil to år ut fra skriftlig begrunnelse. Søknad om utsettelse må sendes senest en måned før fristen går ut.

Gjerdet skal være permanent med gjerdenot, toppstreng og bendsletråd.

Området skal benyttes til beite i minimum 10 år fra løyving.

Innvilget tilskudd kan trekkes tilbake helt eller delvis dersom det oppstår forhold som er i strid med forutsetningene for ordningen jf. §10 i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal inneholde rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Austrheim kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og

vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggest ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 22 400 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvalteren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtaket om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Austrheim kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Austrheim kommune

Saksbehandla av: Maya Greve

Godkjend av: Laila Bjørge